

---

Vår referanse 2021/20387-2  
Dato 07.06.2021

---

KÅLÅS BYGG AS  
TORVHUSMYRANE 2  
5913 EIKANGERVÅG

Svar - søknad om dispensasjon frå byggegrense - fv 5456 Eidavegen - gnr 236  
bnr 7 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 10.05.2021.

#### Vedtak

Med heimel i veglova § 30 og § 34 gir vi dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 5456 Eidavegen for å anlegge nytt tak på eksisterande hytte samt nytt overbygg ved inngangsparti på gnr. 236 bnr. 7 i Alver kommune. Omsøkt eigedom er ikkje regulert, og Vestland fylkeskommune fattar difor vedtak etter veglova som både eigar og forvaltar av fv. 5456 Eidavegen.

#### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaka skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 10.05.2021.
2. Avstanden frå tiltaka (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5456 Eidavegen skal vera minst 10 meter.
3. Dersom tiltaka vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det frameis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at tiltaka ligg nær fylkesveg 5456 Eidavegen.
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

#### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Nytt tak og overbygg vil ha same avstand frå senterlina på fylkesvegen som det dagens situasjon tilseier. Etter ei heilskapleg vurdering kan vi ikkje sjå nokon negative verknadar knytt til verken trafikktryggleik eller tilkomst på staden som følgje av at tiltaka vert realisert. Vestland fylkeskommune gir difor dispensasjon til rehabilitering og oppføring av nytt tak samt nytt overbygg knytt til hytteeigedom på gnr. 236 bnr. 7 i Alver kommune.

**Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Sara Nordahl  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 situasjonsplan\_Situasjonsplan\_omtegnnet\_hytte\_07.01-2021.pdf